



Ordførar Peder Sjo Slettebø heldt ein god tale for dagen. Her saman med dagens forsongar Kristian Bringedal.

Uskedalen er ei inkluderande bygd og eit godt lokalsamfunn, sa ordførar Peder Sjo Slettebø i 17. mai talen si i Uskedalen. Uskedalen er ei bygd med mange kvalitetar, ei bygd mange ser til og tek lærdom av. Festprogrammet vart leia av tre dyktige ungdommar med ein presisjon vi sjeldan har opplevd.



Skulemusikken imponerte verkeleg i si konsertavdeling.

Festprogrammet tok til med Nasjonalsongen med tonefylgje av Uskedal skulemusikk. Skulemusikken ved sin faste musikalske leiar, Tor Skeie Olsen, framførte eit feiande flott program, det beste vi har høyrte på lang tid.

To aktive medlemmer Nils Rainer Vaagen og Celine Musland fekk medalje for lang teneste. Medaljen vart overrekt av sjølvaste ordføraren.

Røyserett for Alle og Uskedal musikklag er faste innslag i festprogrammet. Koret si framføring av Garborg Gud signe Norigs land høver godt på 17. mai. Når vi veit at denne teksten ein gong vart vurdert til å bli nasjonalsongen, ja, så er det ein tekst og tone som talar sterkt til folket.

Ein annan nasjonal kanon, Dei gamle fjell i syningom av Ivar Aasen, vart teken fram i ordføraren sin tale. Her vert naturen og folket skildra i eit samlande omgrep for vår nasjonale identitet. Peder Sjø Slettebø minnest dei som gav sitt liv i den siste krigen for vår fred og fridom. Grunnloven frå 1814 står over alle lover og er grunnlaget for vårt folkestyre i dag,

Ordføraren tala særleg om våre FN soldatar i fårlege oppdrag i andre land. For dei er heimlassen særleg viktig. Eit trygt lokalsamfunn er sentralt i alt samfunnsbyggjande arbeid.

Festprogrammet vart avslutta med takke- og blomehelsingar.

Dei dyktige programleiarane var konfirmantane Hanna Tvilde og Thea Soltveit Taranger, og den eitt år yngre Silje Soldal.



[Thea S. Taranger\(f.v.\), Hanna Tvilde og Silje Soldal gjorde ein flott jobb som programleiarar.](#)

Tekst og nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland